



Notat

Dato: 30.08.2019
Arkivsak: 2019/16093-2
Saksbehandlar: sveklyv

Til: Fylkesutvalet

Fylkestinget

Frå: Fylkesrådmannen

Løypemelding for plaststrategi for Vestland fylkeskommunei

I samråd med fylkesordfører og prosjektleiar er plaststrategien for Hordaland fylkeskommune utsatt til fylkesting for Vestland, mars 2020. Den vert då laga som plaststrategi for Vestland fylkeskommune.

Etter oppdrag frå Hordaland Fylkesting i juni-2018 skulle fylkestinget få plaststrategi for Hordaland fylkeskommune framlagt våren 2019. Denne vart ikkje klar før i august 2019.

Det kom då tett innpå fylkestingsvalet og samanslåinga av Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommune til Vestland fylkeskommune. Det er difor naturleg at det er det nye fylkestinget som får strategien opp til handsaming i 2020.

Målsetjinga til plaststrategien er å hindra at plastavfall kjem på avvege, og å redusera bruken av plast i eigen organisasjon. Plaststrategien skal synleggjere og avklare regionalt prioriterte satsingsområde, virkemiddelbruk og målsetjing for handtering og bruk av plast i Vestland fylkeskommune. Strategien skal gje forankring og føringar til administrasjonen sitt daglege virke.

Vestlandsrådet sin plaststrategi skal vera ferdig innan 2019. Det er då naturleg at Vestland fylkeskommune sin plaststrategi tek utgangspunktet i denne og tilpassar han til vår nye organisasjon.